



Arkivnr: 2019/685-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------|--------|----------|
| Kontrollutvalet | | |

Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular - Forslag til prosjektplan

Bakgrunn for saka:

I møte i kontrollutvalet 17.12.2018 vart dette protokollert i sak PS 120/18 Oversendingsspørsmål frå utval for opplæring og helse:

«Handsaming i møte

Etter felles drøfting i kontrollutvalet vart det semje om å gå for alternativ A i forslag til vedtak.

Følgjande problemstillingar/moment vert m.a. ein del av bestillinga:

- *Avklare med departementet*
- *Praksis frå Akershus, Rogaland og Trøndelag*
- *Lovtolking på spesialundervisning i private skular vs. offentlege*
- *Kven har finansieringsansvaret for private skular på dette området*
- *Spesialundervisning reletert til den einskilde elev eller det totale elevtalet*
- *Jf. også Ljosland sine spørsmål i OPHE – RS 58/18*

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide ei vurdering av lovtolkinga i høve RS 58/18 i OPHE 6.11.2018.*
2. *Dei vert beden om å komme med forslag til ein plan som viser korleis dei vil gjennomføre arbeidet, kor mange timar dei reknar med går med og når arbeidet kan vera ferdig.*
3. *Planen skal leverast sekretariatet seinast innan 21.01.2019 og handsamast i neste møte i kontrollutvalet.»*

Drøfting:

Vi har motteke forslag til vedlagte prosjektplan for «Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular» i tråd med vedtaket over.

Av forslag til prosjektplan går det fram at føremålet med vurderinga vil vera:

«Føremålet med oppdraget er å vurdere Hordaland fylkeskommune si ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande 2 problemstillingar:

1. Er Hordaland fylkeskommune si ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular i samsvar med relevant regelverk?
2. I kva grad har andre fylkeskommunar, representert ved Akershus, Rogaland og Trøndelag, andre ordningar for finansiering av spesialundervisning i friskular?

Av prosjektplanen går det vidare fram at Deloitte i dette revisjonsprosjektet vil m.a. nytta dokumentanalyse, intervju og verifisering som metode. Revisjonen ønskjer å gjennomføre 1-2 intervju med utvalde personar som har detaljert kunnskap om finansieringsmodellen som Hordaland fylkeskommune nyttar. I tillegg vil dei innhente informasjon frå dei tre fylkeskommunane som går fram av problemstilling 2 over og følgje opp dette med telefonsamtalar.

Prosjektet skal starta opp i siste halvdel av februar og vil vera ferdig til levering i sekretariatet innan 10.05.2019. Vurderinga vil bli presentert i eit notat/memo, men det går ikkje klart fram av prosjektplanen om det er tenkt at dette skal leggjast fram for fylkesrådmannen til uttale før det vert send kontrollutvalet, jf. kommuneloven § 77.6. Vi legg likevel til grunn at det vil skje.

Konklusjon:

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga frå kontrollutvalet. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med dette. Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjend inntil det timetal som går fram av prosjektplanen. Vidare bør det aksepterasj on på ev. presentasjon av revisjonsrapporten for Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller «Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular» frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigeret prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 25.02.2019.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsj on på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side seinast innan 10.05.2019, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Prosjektplan - finansiering av spesialundervisning i friskular - Hordaland fylkeskommune